Retningsliner for bruk av KomTek (kommunalteknisk løysing).

Voss kommune brukar datasystemet KomTek frå Norkart AS til å handtere grunnlag for kommunale gebyr. Gebyra dette gjeld for er eigedomsskatt, vatn- og avløp, slamanlegg og feiing/tilsyn. Renovasjon er eit anna gebyrområde som ligg til kommunen, men dette vert handtert av Indre Hordaland Miljøverk (IHM), som er eit IKS.

KomTek er modulert oppbygd og Voss kommune brukar følgjande modular:

- Gebyrmodul og basismodul
- Eigedomskatt
- Vassmålarar
- Privat VA – slam
- Feiing/tilsyn
- Matrikkelsynk(matrikkelsynkronisering)
-

KomTek-modulane er tilrettelagt for sambruk av informasjon og bind saman fagsystem på teknisk etat og sentrale kommunale system som økonomi og servicetorgløysingar.

Kven brukar og har ansvar for informasjon i desse modulane:

- Økonomiavdelinga har ansvar for Matrikkelsynk, E-skatt og gebyrmodul
- Tekniske tenester v/VA-avd. har ansvar for vassmålarar og slamanlegg.
- Voss Brannvern har ansvar for feiing/tilsyn

<u>Grunndata i KomTek:</u>
Grunndata i KomTek har fleire nøkkelfelt som vert brukt som fellesnemnar for registrering og oppslag av data i dei enkelte modulane. Hovudnøkkel er avtalenummer som vert brukt i alle modulane. Andre nøklar er GID eller gardsnr., bruksnr., festenr. og seksjonsnr. (oftast presentert som t.d. 50/156/0/0.) og byggningsnr(BID).

<u>Prosedyre for bruk av KomTek:</u>

1. Registrere ny matrikkeleining eller endring i matrikkeleining.

Når matrikkelansvarleg på Tekniske tenester har oppretta ei matrikkeleining som består av gards- og bruksnr + ev. festenr. eller seksjonsnr. blir det oppretta ei avtale via modulen Matrikkelsynk. Før utgangen av kalenderåret skal ny eigedom synfarast/vurderast for eigedomsskatt. Grunnlaget vert så lagt inn i Eigedomsskattemodulen og skattesetel vert sendt til eigar av matrikkeleininga og lagt ut til offentleg gjennomsyn. Gebyr for eigedomsskatt lagt inn i Gebyrmodulen og klargjort for fakturering ved første fakturatermin i året etter oppretting av skatteobjektet.

Ved oppføring av ny bustad/næringseining e.l. vert skatteobjektet synfara på nytt og nytt skattegrunnlag lagt inn systemet.

2. Forbruksgebyr.

Grunnlag for forbruksgebyr er avhengig av kva tenester som vert ytt av Voss kommune. Dei vanlege forbruksgebyra er vatn, avløp, feie-/tilsyn og septik. Voss kommune har forskrifter som regulerer kva gebyr som skal leggjast på den enkelte eigedom.
Når det gjeld vatn og avløp der eigedomen er knytt til det kommunale leidningsnettet, vert forbruksgebyret når ein nyttar vassmålar, utrekna etter målt forbruk(KBM=kubikkmeter). Er ikkje

vassmålar installert legg ein til grunn eit stipulert forbruk omrekna etter bruksareal på bygning(BRA i matrikkelen). Pr. 2017 vert dette rekna slik: areal i kvm(BRA) x 1,04 = KBM.
Har ikkje kommunen avløpsnett – som oftast utanfor tettstader, skal bygningar ha godkjent slamanlegg for svartvatn(kloakk). Eigne gebyr etter kva type anlegg og tømefrekvens, ref. forureiningslova.
Feiing og tilsyn frå Voss Brannvern vert utført i alle bygg der det er pipeløp(skorstein) og det er tilkopla ein eldstad. Frekvens for feiing og tilsyn er regulert i forskrift.

3. Gebyrmodul.

Gebyrmodulen inneheld grunnlag for alle kommunale avgifter som skal fakturerast den einskilde eigedom. Voss kommune fakturerer gebyra i 3 terminar med forfall 15. mars, 15. juni og 15. oktober. Fakturering vert utført i gebyrmodulen og gjort av avd. tekniske tenester ultimo månaden før forfall. Det blir då produsert fil for personopplysningar, nye- og endra avtalar og faktura. Desse datafilene vert så lasta inn i Visma og faktura vert produsert og sendt ut til heimelshavar. Økonomikontoret er ansvarleg for prod. av faktura og oppfølging av innbetaling.

4. Registrering/vedlikehald av vassmålaropplysningar.

Vassmålarar vert registrert i vassmålarmodulen etter søknad frå autorisert røyrleggjar på vegne av eigar av eigedomen. Vassmålarane er eigd av Voss kommune dersom dei er av normal storleik, dvs. Qn 2,5. Alle større vassmålarar skal godkjennast av Voss kommune og vera privateigd.
Ved ny-registrering i KomTek vert det lagt inn fylgjande gebyr:

- Vassmålarleige (årleg gebyr som kjem med på 1. terminvarsel i året)
- Abonnementsgebyr vatn (dersom tilkopla kommunalt vatn); 1 gebyr pr. bueining.
- Abonnementsgebyr avløp (dersom tilkopla kommunalt avløp); 1 gebyr pr. bueining
- A-konto forbruksgebyr vatn (dersom tilkopla kommunalt vatn); normalt 100 kbm ved bustad; 50 kbm ved fritidsbustad.
- A-konto forbruksgebyr avløp (dersom tilkopla kommunalt avløp); normalt 100 kbm ved bustad; 50 kbm ved fritidsbustad.

Det er planlagt å ha ein utskiftingsrate på 10 år for vassmålarane. Dette for å sikra seg at målar tel rett. Målarane vert då skifta ut utan kostnad for abonnenten.

31. desember kvart år skal alle abonnentane lesa av målarstand på vassmålaren. I slutten av november vert det tatt ut ei datafil av alle vassmålarar som vert sendt til firma ViaScan for utskrift og utsending av målaravlesingskort for kvar vassmålar. Det er fleire måtar abonnentane kan få registrert sin vassmålarstand:

- Registrering via Internett. Voss kommune legg inn på si heimeside ein link for reg. via web. Denne nettsida er aktiv i tida 10. desember – 10. januar. Endring i heimesida vert utført av personell på kundetorget. Resultatfil vert sendt Voss kommune primo februar.
- Innsending av måleravlesingskort som vert sendt til ViaScan(Oslo). Her blir korta maskinelt lest og resultatfil vert sendt Voss kommune primo februar.
- Ved levering til kundetorget for manuell registrering i Voss kommune
- Eller via telefon/e-post.

I slutten av januar el. byrjinga av februar blir årsavrekning for vassmålarar utført i denne modulen. Denne lagar grunnlag for forbruksgebyrliner i Gebyrmodulen for fakturering på 1. terminvarsel. Den bereknar også a-konto forbruk for inneverande år fordelt på dei 3 årlege terminane.

5. Registrering i Privat VA - Slammodulen.

Alle omsøkte avløpsanlegg godkjent via Byggesak skal registrerast i KomTek slammodul. Anlegg og komponentar vert registrert med alle sine eigenskapar og melding vert samstundes sendt til Birkeland Transport AS (vår slamoperatør) som utfører tømming av slamanlegg/reinseanlegg. Alt faststoff vert levert vårt deponi ved Voss Reinseanlegg – Gjernesmoen for avrenning og tørka faststoff vert så transportert ut av kommunen av Birkeland.
Aktuelt gebyr for tømming av slamanlegget vert lagt inn via denne modulen.
KomTek Privat VA-modul er integrert med Septik24 (Birkeland sitt datasystem for handtering av slamtømming) slik at tømmingar, frekvens, eigenskapar o.l. vert oppdatert mellom systema.

6. Registrering av feiing/tilsyn.

Registrering av feie- og tilsynsobjekt vert utført av Voss Brannvern. Her blir det oppretta røykløp, skorsteinar, eldstader o.l. på avtalar. Alle avtalar med pipe vert registrert inn i forskjellige feie-/tilsynsruter. Det pliktig feiing/tilsyn i alle bygningar som har pipe m/eldstad.
All registrering, oppfølging og rapportering av feieobjekta vert utført i denne modulen.
Gebyr for feiing og tilsyn vert lagt inn i modulen og er tilgjengeleg i Gebyrmodulen.

Generelt.

Systemansvarleg for KomTek opprettar og vedlikeheld tilgangar for tilsette for bruk av dei einskilde modulane. Brukarnavn og passord vert oppretta ved behov.

Voss kommune er totalkunde av programvare frå Norkart AS og brukarstøtte er inkludert i lisensen. Kundeservice kan kontaktast på tlf. 67248099 eller via e-post til komtek@norkart.no ved spørsmål.